

Hei

Dette brevet sende eg til Formannskapsmøtet som var 14.3.22. Eg sender det same brevet no til De som ikkje er medlem eller vara til formannskapet, men medlem av kommunestyret i Vanylven kommune slik at De alle har den same informasjonen. Eg håpar De tek deg tida til å lese og tenkje over det eg har skrive. OG det er ikkje teke «frå lause lufta», det er dessverre realitet.

Eg tek kontakt med deg som er medlem eller varamedlem til formannskapet eller sit i administrasjonen i Vanylven kommune.

Mannen min og eg eig Småstranda 1. Hytta vår ligg under 300 m ifrå det tenkte industriområdet i Småstranda. Hytta vår blei som den første i hyttefeltet ferdigstilt i 1992.

No på tysdag (i morgen) skal det vere formannskapsmøte og der er Småstranda på sakslista.

Eg håpar De alle har teke Dykk tida til å lese motsegnene våre, motsegnene me har lagt mykje tid og krefter i å formulere.

Det er svært viktig for oss å sleppe å få eit industriområde i nærleiken av hytta - perlå vår - i Småstranda. Staden som har sers høg rekreasjonsverdi for oss, og som me kjøpte av foreldra mine i 2014.

Eg forundra meg veldig over at Vanylven kommune vil nytte så mange millionar på noko som dei ikkje veit vil bli brukt fullt ut når det er ledig næringsareal frå før i kommunen og samstundes øydeleggje naturen. Det er veldig lettvint i ein stram kommuneøkonomi å bruke så mykje utan å vere sikre på at De får att pengane nokonlunde raskt og sikkert. No tenkjer eg på prosessen De hadde med å få til budsjettet før jul for 2023. Det var ille å sjå på at den eine etaten etter den andre ikkje berre nytta ostehøvel, men også øks for å presse postane nok ned.

Veit alle som skal avgjere kva som skjer i Småstranda kva som blei bestemt i Montreal 19.12.22? Det var opp som stor sak i NRK rett før jul. Staten vil redde 4 nye naturtypar. Dei er :

Delta

Edellauvskog

Jordvannsmyr

OG

Sukkertareskog

Og langs stranda i Småstranda er det eit samanhengande belte med sukkertare.

Miljødirektoratet grunngjev utviding frå 12 til 16 naturtypar med at desse naturtypane er kritisk eller sterkt trua. Miljødirektoratet vil setje i verk tiltak for å bremse risikoene for utsletting av trua natur.

Denne globale avtalen inneheld òg å verne 30 % av naturen. Regjeringa annonserte i februar 2023 at dei starta arbeidet med ein ny nasjonal naturplan.

Sukkertare tek opp næringssalt og karbondioksid og reinsar vatnet for uønska utslepp. Gjennom Osparkonvensjonen er Noreg forplikta til å ta særleg omsyn til sørleg sukkertareskog som er på Vestlandet. Sukkertareskog er ein sterkt trua naturtype.

Det blir for dumt at Vanylven kommune ausar ut pengar på å øydeleggje ein sterkt trua naturtype som Miljødirektoratet vil verne. Noreg har eit særansvar for bl.a sukkertaren sidan den er sterkt trua (raudelista) og Vestlandet har hovudverkta av forekomsten. Miljødirektoratet har lagt ut fyldig informasjon på si heimeside. Det blei publisert 27.2.2023.

Stein frå tunnellsprenging er ellers lite egna til utfylling i sjø pga det meste av steinmassane er av typen småstein, og steinmassane inneheld store mengder steinsplintrar som vil skade dyrelivet i sjøen. Det er uheldig for miljøet i havet og lite egna pga støleiken.

All lyd, lys, aktivitet og kanskje òg lukt vil kome uhindra til hyttefeltet. Utsikta som me nyt vil bli sterkt forstyrra. Roa og naturen me set så stor pris på vil bli øydelagd. Det tenkte industriområdet vil bli gigantisk, og vil ikkje få "wow, kor fint" frå turistar og andre som i framtida vil nytte seg av Stad Skipstunnel når dei står eller sit ved rekka og beundrar den flotte naturen i Vanylven kommune.

Kven er det som vil ha eit gigantisk industriområde med næringsbygg som tilsvarer 4-etasjers bustadblokker som nærmaste nabo ? Der vogntog blir som legoklossar ? Det er teikna inn eit vogntog

på det eine visualiserte bildet over industriområdet. Der kan De òg så vidt ane hytta vår heilt til høgre på bildet

Tenk Dykk om

Gjer om forslaget til vedtak om at det skal /kan kome eit industriområde i Småstranda.

Mvh

ei frustrert

Magritt Kile Slåke

som enno vonar at galskapen kan stoppast

Ta kontakt om De har spørsmål

97742090

magrkile@gmail.com